

**På studietur til Kina**

**15.10.2010**



**Mange reiser til Kina for tida og ein av dei uskedelingane som no skal til det mektige landet på studietur er Marit Hjørnevåg.**

**I slutten av denne månaden skal ho dit i lag med 30 andre frå fiskerinæringa sitt innkjøpselskap.**

Dei skal mellom anna på ei stor fiskerimesse, innom verdsutstillinga og vitja kinesiske sjømatprodusentar for å sjå korleis dei utnyttar ressursane frå havet.

Marit Hjørnevåg strekar under for Kvinnheringen kor viktig det er med nettverkbygging med tanke på å stå saman i ulike situasjonar.

(Foto: Ola Matti Mathisen)